



Arkivnr: 2018/10860-1

Saksbehandlar: Karl Viken, Ingvar Skeie, Pål Kleive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		13.06.2017

## Tertialrapport pr. april 2018 - rekneskapsprognose

### Samandrag

Tertialrapporten etter 1. tertial viser prognose om eit negativt budsjettavvik for Hordaland fylkeskommune i 2018 på 40 mill. kr. Dette er ein dårlegare prognose enn det som vart meldt pr. 1 tertial 2017; då var prognosen eit negativt budsjettavvik på 3 mill. kr.

Oppsummert rapporterer driftsavdelingane ein negativ prognose på 35 mill. kr. For andre postar er prognosen negativt avvik på 5 mill. kr der det for konsesjonskraftinntektene er prognose om negativt avvik på 12 mill. kr og positivt avvik for lønsavsetjingane og pensjonskostnadene med til saman 7 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil særleg følgja opp sektorane opplæring, tannhelse og samferdsel. Sjølv om både opplæring og tannhelse melder betring i økonomien har desse avdelingane hatt betydelege budsjettavvik dei siste åra, og det er framleis ein del usikkerheit. Tannhelsesektoren melder balanse og Opplæringssektoren melder eit mindre negativt avvik på 5 mill. kr. Samferdselsektoren blinkar seg ut med det største negative budsjettavviket som årsprognose; 34 mill. kr. Som grunnlag for denne prognosen ligg eit resultat lik balanse for Skyss, og eit stort overforbruk på 34 mill. kr på vegvedlikehaldet. Dei andre avdelingane har prognosar rundt balanse ved årets slutt.

I revidert nasjonalbudsjett for 2018, som regjeringa la fram 15. mai, vart overslaget for skatteinntektene i kommunesektoren for 2018 sett ned med 500 mill. kr. Om det skulle slå til kan Hordaland fylkeskommune få opp mot 10 mill. kr lågare skatteinngang. I tertialrapporten har ein lagt til grunn det endra skatteoverslaget frå sentralt hald.

Eit årsresultat lik prognosen pr. 1. tertial, vil ikkje bidra til å betre den økonomiske stillinga til fylkeskommunen. I kommuneproposisjonen for 2019 vert det signalisert ei inntektsramme for Hordaland fylkeskommune i storleiken 50 mill. kr lågare i 2019; enn det som er lagt til grunn i økonomiplanen. Difor vil innarbeiding av varig kostnadsreduserande tiltak vere heilt naudsynt i arbeidet med budsjettet for 2019. Frå før ligg det ei stor utfordring i handteringa av auka kostnadar i samband med nye ferjekontraktar – særleg frå 2020.

Fylkesrådmannen vurderer det også etter 1. tertial som lite realistisk at det vert rekneskapsunderskot i 2018. Det er likevel tidleg på året og det er dermed knytt uvisse til fleire av budsjettpostane. Bakgrunnen for at det ikkje ser ut til å gå mot rekneskapsunderskot er at det i budsjettet for 2018 er sett av 70 mill. kr til finansiering av investeringar. Dette er ein minimumsbuffer for endringar i budsjettåret, og fylkesrådmannen vil understreka at den økonomiske stillinga for fylkeskommunen vil verte svekka om ein får eit budsjettmessig meirforbruk i 2018.

Fylkesrådmannen har ikkje framlegg i saka om endringar av korkje driftsbudsjettet eller investeringsbudsjettet.

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 18.05.2018

## Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 1. tertial 2018:

	Rekneskap pr.april.	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon	3 056	27 000	11,3 %
Fylkesveggar	248 950	1 146 600	21,7 %
Bybaneutbygging	239 456	620 020	38,6 %
Andre samferdselsføremål	5 546	176 600	3,1 %
Kultur	0	3 000	0,0 %
Tannhelsetenesta	125	25 000	0,5 %
Opplæring	126 765	582 000	21,8 %
Fellesfunksjonar	3 179	7 000	45,4 %
<b>TOTAL</b>	<b>627 078</b>	<b>2 587 220</b>	<b>24,2 %</b>

Status for framdrift og økonomi i dei enkelte investeringsprosjekta er omtalt nedanfor.

### Opplæring

#### Rehabilitering, ombygging og mindre tilbygg i skulesektoren

Løyvinga for 2018 er på 75 mill. kr, og av dette er vel 65 mill. kr fordelt til prosjekt ved Sandsli og Arna vidaregåande skular. Framdrifta på dei ulike prosjekta er om lag som planlagd. Ein ser at samla ramme for i år er stram, men førebels held ein seg innanfor denne.

#### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen, og dei endringane som er vedteke der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Så langt i år er 43 % av løyvinga på 3 mill. kr for 2018 brukt, og ein legg til grunn at samla forbruk for året vil bli om lag i samsvar med budsjett.

#### Odda vidaregåande skule - Rehabilitering

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 185 mill. kr, og løyving for 2018 på 58 mill. kr. Forbruket for inneverande år er pr. april på knapt 20 mill. kr. Den økonomiske ramma for prosjektet er stram i høve til behovet, og det er noko risiko knytt til meirforbruk. Framdrifta er noko forseinka, men prosjektet vil vere ferdig til som planlagd til skulestart hausten 2018.

#### Nye Voss gymnas

Det er i budsjettet for 2018 løyvd 72 mill. kr til slutføring av prosjektet Nye Voss gymnas. Det som står att i prosjektet er i all hovudsak fullføring av ombygginga av «Gamlebygget». Ein har støtt på bygningsmessige utfordringar for denne delen av prosjektet, men sluttprognosen tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt med ei mindre innsparing i forhold til det totale budsjettet. Bygget vil stå klart til skulestart hausten 2018.

#### Åsane vidaregåande skole

Romprogrammet for Nye Åsane vidaregåande skole vart vedteke i juni 2016, og gjeldande kostnadsramme for prosjektet er 880 mill. kr. Av desse er 190 mill. kr løyvd i år, og av desse midlane er berre 15 mill. kr brukt så langt i år.

Som ein premiss i saka er det lagt til grunn tilskot frå Bergen kommune for den delen av bygget som skal vere kulturhus. Bergen kommune har vedteke å finansiere kulturdelen, og prosessen med å finne endeleg avtaleform er under arbeid.

Skulen er planlagt ferdigstilt til skuleåret 2020/2021. Det har vore utfordringar med ferdigstilling av reguleringsplan og oppstartsløyve, men ein reknar med å ta att den seinka starten.

#### Tertnes vidaregåande skule

Romprogrammet vart vedteke i februar 2016 med ei total prosjektramme på 210 mill. kr. Løyvinga for 2018 er på 100 mill. kr, og så langt i år er forbruket på om lag 30 mill. kr. Framdrifta er stram, men går som planlagt for å ferdigstille tilbygget til skuleåret 2018/2019. Sluttprognosen tyder på ein noko lågare kostnad enn budsjettramma.

#### Bergen Katedralskole – tilbygg

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 165 mill. kr. Av dette er 42 mil. kr løyvd i 2018. Samla er framdrift og økonomi i samsvar med vedtekne planar, og ombygginga av skulen vil vere klar til skulestart hausten 2018.

#### Askøy vgs. – rehabilitering / tilbygg

Det er løyvd 6 mill. kr til prosjektet i 2018. Framlegg til romprogram blir lagt fram for fylkestinget i eiga sak i juni 2018. Det er naturleg å komme attende til eventuelle budsjettjusteringar når romprogrammet er vedteke.

#### Stord vgs. – Rehabilitering / nybygg

Det er løyvd 5 mill. kr til prosjektet i 2018. Framdrifta er i samsvar med vedtekne planar, og ein legg opp til politisk handsaming av romprogrammet hausten 2018.

#### Bømlo vgs. - tilbygg

Det er løyvd 1 mill. kr til prosjektet i 2018. Midlane skal nyttast til planlegging og dette arbeidet startar opp til hausten.

#### Etne

Prosjektet gjeld overdraging av fylkeskommunen sin del av Skakke-senteret til Etne kommune. Prosessen med overdraging til kommunen er under arbeid, men teke noko lengre tid enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

### Samferdsel

#### Terminalbygg / sjåførfasilitetar

Det er i 2018 løyvd 10 mill. kr til dette føremålet. Planlagt bruk av denne løyvinga er som følgjer; 4 mill. kr til utbetringar/oppgradering på Flesland kai og Kleppstø kai, 4 mill. kr til oppgradering av permanente sjåførfasilitetar og 2 mill. kr til innkjøp av nye mobile toalettfasilitetar.

Det er pr. 1. tertial noko uvisse knytt til kor mykje ein får gjennomført i inneverande år. Eventuelle avvik vil ein komme attende til i samband med rapportering for 2. tertial.

#### Bybanen – vognmateriell

I budsjettet for 2018 er det sett av 6,6 mill. kr til vognmateriell. Dette dreier seg om kostnadar til ombyggjing av førarrom og planleggingskostnadar i samband med innkjøp av nye bybanevogner. Det er førebels ikkje avvik i høve til budsjettmidlane som er sett av til dette føremålet i 2018.

### Fylkesvegar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, posten for opprusting og fornying og rassikringsprosjekta.

## Miljøløftet – store prosjekt

### Ringveg vest – byggjetrinn 2 (Bergen kommune)

Prosjektet vart opna for trafikk i november i 2015. I budsjettet for 2018 er det løyvd 20 mill. kr til sluttarbeid innanfor elektro, styringssystem og overvaking. Arbeida skal etter planen vere ferdig i løpet av 1. halvår 2018.

Prognose for sluttkostnad for prosjektet er 1 783 mill. 2018-kr, og dette er 146 mill. kr lågare enn styringsramma slik den framgår av Prop. 108 S (2009-2010).

### Hjellestadvegen (Bergen kommune)

Arbeidet på Hjellestadvegen starta opp i 2017. I budsjettet for 2018 er det sett av 81 mill. kr. Totalprognosen for prosjektet er rekna til 170 mill. kr. Utbetningsarbeidet og sluttoppgjjer er venta ferdig i 2020.

## Miljøløftet – programområde

Til programområda i Miljøløftet er det budsjettert med 260 mill. kr. Midlane skal gå til:

- Kollektivtiltak
- Trafikktryggleikstiltak
- Miljøtiltak
- Gang/sykkeltiltak

Etter 1. tertial er det ikkje meldt om større avvik for prosjekta innanfor programområda.

## Strekingsvise prosjekt utanom Bergen

### Askøypakken (Askøy kommune)

I 2018 er det budsjettert med 123 mill. kr til prosjekt i Askøypakken. Strekningane Strømsnes – Hop og Lindhaugen – Slettebrekka er under bygging. Det same gjeld kollektivtiltaka Flagget og Grensedalen. Det er så langt meldt om eit mindre avvik samanlikna med budsjettet.

### Bømlopakken (Bømlo kommune)

Det er budsjettert med 35 mill. kr til Bømlopakken i 2018. Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til pakken i tertialrapporten etter 2. tertial.

Til fylkestinget i juni vert det lagt fram sak om revisjon av Bømlopakken. I saka vil det gå fram kva prosjekt som står att å ferdigstillast innanfor den vedtekne pakken og forslag til tiltaksliste innanfor ein revidert bompengepakke. Fylkesrådmannen viser til denne saka.

### Stord vestsida (Stord og Fitjar kommunar)

Til prosjekt på Stord vestsida er det budsjettert med 25 mill. kr i 2018. Det er ikkje venta avvik. Tiltak på strekninga Rimbareid – Vik og i Sagvåg er under bygging.

### Kvammapakken (Kvam herad)

I budsjettet for 2018 er det sett av 16,3 mill. kr til avsluttande arbeid i pakken.

Gjennomgang av økonomien i bompengepakken i samband med overføring av Kvam bompengeselskap AS til Ferde AS, viser at det er rom for å auke bompengefinansieringa med 9 mill. kr, mot tilsvarande auke av sluttarbeida i pakken. Fylkesrådmannen foreslår at dette vert gjennomført.

### Nordhordlandspakken (Lindås, Radøy, Meland, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen kommunar)

Stortinget har godkjent Nordhordlandspakken som inneheld 19 prosjekt og tiltak på riks- og fylkesvegnettet i kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fedje, Austrheim, Masfjorden og Modalen.

I 2018 er det budsjettert med 70,9 mill. kr for ein stor del finansiert med bompengar. Fylkesrådmannen vil koma attende til budsjettet for bompengepakken i rapporten etter 2. tertial. Innkrevjinga av bompengar startar noko seinare enn lagt til grunn tidlegare. Det skal vidare inngåast prosjektavtale med Ferde AS som venteleg er på plass hausten 2018. Ferde AS kan då ta opp lån til delfinansiering av prosjekta.

Etter 1. tertial ser det ut til å vere mindreforbruk på vel 10 mill. kr, men fylkesrådmannen vil som nemnt koma attende til eventuell budsjettjustering i rapporten etter 2. tertial.

#### Horsøy (Askøy kommune)

Det er budsjettert med 10 mill. kr til prosjektet i 2018. Tiltak skal finansierast med ei kostnadsdeling mellom Askøy kommune/Schlumberger og fylkeskommunen. Prosjektering og grunnnerverv pågår.

#### Kollektivterminal Voss (Voss kommune)

Det er budsjettert med 14,7 mill. kr som fylkeskommunen sin del av prosjektet i 2018. Det er ikkje venta avvik etter 1. tertial. Prosjektet er lyst ut med innleveringsfrist medio april.

### Strekingsvise prosjekt - rassikring

#### Furubergfossen bru (Kvinnherad kommune)

Budsjettet for bru prosjektet er 49,5 mill. kr i 2018. Prosjektet er lyst ut og godkjenning av brukonstruksjonen er venta i løpet av året, slik at det er lagt opp til å starte grunnarbeida seinhaustes. Framdrifta er noko seinare enn rekna med i budsjettet, slik at det er venta eit mindreforbruk på opp mot 45 mill. kr i 2018. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette i rapporten etter 2. tertial.

### Opprusting, fornying og mindre utbetringar

Det er samla budsjettert med tiltak for 300 mill. kr for desse postane. Det er svært mange prosjekt under arbeid innanfor kategoriane

- Tunneloppgradering
- Bruer og kaiar
- Forsterking
- Kollektiv
- Trafikksikring
- Gange og sykkel
- Miljø og service
- Grunnnerverv
- Planlegging

Etter 1. tertial er det rapportert om eit meirforbruk på opp mot 40 mill. kr. Ein god del av denne summen gjeld at prosjekt vert ferdigstilte i 2018, medan løyvinga vart gjeven i 2017. Fylkesrådmannen vil gå nærare gjennom dette ved rapporteringa etter 2. tertial. Då har ein sikrere haldepunkt for framdrifta for prosjekta og kva eit eventuelt meirforbruk då summerer seg til.

#### Særleg om prosjekt på Hegglandsdalsvegen (Os kommune)

Det er stort behov for tiltak på ei strekning på vel 900 meter; frå Hatvikvegen fram til Valle bru på Hegglandsdalsvegen. Kommunen arbeider med ny grunnskule i området som etter planen skal stå ferdig hausten 2019, og den aktuelle strekninga vil bli ein viktig skuleveg. Os kommune skal etablere ny vassledning på delar av strekninga.

Tiltak på Hegglandsdalsvegen i Os kommune er prioritert i investeringsprogrammet for fylkesvegane. Kostnadsoverslaget for prosjektet på 36 mill. kr. I investeringsprogrammet er det sett av 13 mill. kr (4 mill. kr i 2019, 9 mill. kr i 2020). Os kommune bidreg med 5 mill. kr til prosjektet, og utval for miljø og samferdsel gav tilsegn på 4,15 mill. kr i tilskot til prosjektet frå ordninga om Trygg skuleveg og punktutbetring tidlegare i år. Fylkesrådmannen rår til å starte opp prosjektet no slik at ein kan få til ei rasjonell anleggsdrift saman

med det kommunale VA-prosjektet. Det blir lagt til grunn at restfinansieringa av prosjektet vil gå over programområda for «Mindre utbetringar» og «Gang- og sykkel» i 2019 og 2020.

## Bybanen

Byggetrinn 3, Lagunen – Flesland, vart opna for trafikk i august 2016. Siste etappe av byggjetrinnet til Flesland vart opna i april 2017, og det er sett av 50 mill. kr i 2018 til sluttkostnadar for denne siste etappen. Det er ikkje venta avvik på denne summen.

For byggetrinn 4, Bergen Sentrum – Fyllingsdalen, er det sett av 570 mill. kr i 2018. Summen vart budsjettert før avtalen om Miljøløftet i Bergen vart slutført. Det er no klart at staten skal dekke 50 % av kostnaden ved utbygginga. Den resterande halvdel er føresett finansiert med bompengar.

Styringsramme for strekninga til Fyllingsdalen er rekna til 7 100 mill. 2017-kr. Arbeidet er kome i gang med førebuaende entreprisar og det er utlyst anbodskonkurransar på fleire av dei store entreprisene.

Fylkesrådmannen vil kome nærare attende til prosjektet i tertialrapporten etter 2. tertial.

## Kultur

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. Kartlegginga som er gjennomført på dette området så langt i år syner at det er behov ved Museumssenteret i Salhus. Ein ser og på om det er mogleg å nytte biodiesel i staden for fyringsolje.

## Tannhelse

I budsjettet for 2018 er det sett av 20 mill. kr til ombygging og nybygg innan tannhelse. Det pågår drøftingar om nye leigelokale for tannklinikane i Lindås, Arna og Fjell kommune. Framdrifta for lokala i Lindås har vorte noko dårlegare enn det som tidlegare var lagt til grunn. For Arna er det og forseinking, men her vert det lagt til grunn at ein har ein ferdigforhandla avtale slik at oppstart av byggeprosjekt vert hausten 2018.

I Fjell har ein fått tilbod om å leige lokale i det nye Helsehuset som er under bygging. Dette vert vurdert som ei svært gunstig lokalisering. Her er ein i slutfase i høve til forhandling av leigeavtale.

For både Fjell og Lindås legg ein opp til at utleigar skal ta ein større del av byggekostnadane enn kva som har vore vanleg praksis. Kostnadsramma for einskildprosjekt vil ein kome attende til når ansvarsfordeling er avklart.

## Fellesfunksjonar

### Fylkeshuset – ombygging og opprustning

Det er løyvd 2 mill. kr til ombygging og opprusting av fylkesbygget i 2018. Investeringane her vert likevel halde på ei minimum med bakgrunn i den pågåande prosessen om nytt fylkeshus. Eventuell justering av budsjettet vert å kome attende til i samband med rapporteringa for 2. tertial.

### Sal av eigedom

Det er i budsjettet for 2018 lagt til grunn eit samla sal på 85 mill. kr. Så langt i år har ein mellom anna gjort avtale om sal av tidlegare Lønborg vgs, bygg ved Norheimsund vgs, Etne vgs. avdeling Tesdal og deler av Hjeltnes. Vidare er Ibsens gt. 118 overdratt til Helse Bergen. Sala av Lønborg vgs og Etne vgs avd. Tesdal gjekk monaleg over takst, mens bygget i Norheimsund og Ibsens gate 118, gjekk under.

Det pågår prosessar knytt til sal ved Hjeltnes, Garnesstølen og Tunesvegen. Salet av eigedomen på Melkeplassen ser ut til å ta noko tid.

## Oppsummering investeringar

Fylkesrådmannen har ikkje forslag til budsjettendringar i investeringsbudsjettet for 2018 etter 1. tertial. Fylkesrådmannen vil kome attende til eventuelle justeringar av investeringane ved rapportering etter 2. tertial. Då er ein komen lengre i dei ulike prosjekta og har sikrare haldepunkt for korleis ein vil kome ut i 2018. Så langt er det samla ikkje meldt om vesentlege avvik innanfor dei ulike sektorane.

## Drift

### Politiske organ Økonomi og organisasjon

Så langt kjenner ein ikkje til nemnande avvik på desse områda.

Fylkesrådmannen arbeider med fordeling av innsparingssummen på 15 mill. kr knytt til administrativ effektivisering. Innsparingssummen er førebels innarbeidd på ein samlekonto, men ein kartlegg moglege måtar for inndecking av effektiviseringskravet. Fylkesrådmannen kjem nærare attende til dette i rapporten etter 2. tertial.

### Lønsavsetjing/ pensjonskostnader

Det er oppnådd semje i dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren. Oppgjeret har ei ramme på 2,8 %. For fylkeskommunane har KS rekna årslønsveksten til 2,9 %. På lønsavsetjingskontoen er det budsjettet med ein lønsvekst på 3 %. Dette tilseier ei innsparing på om lag 3 mill. kr.

KLP har i april lagt fram ny prognose for pensjonskostnadene i 2018. Den nye prognosen er nær 4 mill. kr lågare enn den som kom i september 2017, og som budsjettet byggjer på.

Til saman tilseier dette innsparingar på om lag 7 mill. kr.

## Opplæring

Prognosen for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskriding på 5 mill. kr.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskriding på 17 mill. kr. Om lag 4 mill. kr av meirforbruket vert dekkja ved overføringar frå driftsfond ved skulane. Samla sett er difor prognosen for dei vidaregåande skulane om lag 13 mill. kr i meirforbruk. Det er ulike årsaker på kvar skule til dette budsjettavviket.

Utover budsjettoverskridinga på skulane er det prognose om 8 mill. kr i mindreforbruk på andre postar i opplæringsbudsjettet. Mellom anna gjeld det avvik i høve til ikkje disponerte pensjonsutgifter og gjesteelevar.

Fylkesrådmannen følger kostnadsutviklinga innan opplæringssektoren med stor merksemd. Avdelinga er særskild viktig for totaløkonomien, og det er avgjerande å ha kontroll med kostnadsutviklinga i opplæringssektoren. For å sikre framleis positiv utvikling er det viktig å halda fram med eit sterkt økonomifokus, og gjere nye tiltak i sektoren.

## Tannhelsetenesta

Eit sterkare fokus på økonomi og oppseiing av lønnsavtalar (bonus- og provisjonsavtalar) har redusert kostnadsnivået innan tannhelse. Samstundes har inntektene frå betalande pasientar vorte reduserte ved



nokre klinikkar. Kostnadsreduksjonen er førebels større enn inntektsnedgangen, og dette gjer at tannhelsesektoren etter fire månadar melder ein prognose om balanse ved utgangen av året. Status er at klinikkane stort sett held budsjetta sine eller ligg nært balanse ved fyrste tertial. Sett vekk frå TkVest/Hordaland er distrikta samla i balanse. TkVest/Hordaland har framleis eit mindre negativt budsjettavvik, men situasjonen er likevel betre enn på same tid i fjor.

Fylkesrådmannen er nøgd med at tannhelse melder betre prognose i byrjinga av 2018 enn det som har vore tilfelle dei siste åra. Det er likevel viktig å vidareføre tiltaka som er gjort, og ha merksemd retta mot reduksjonen i pasientinntektene. Dersom ein ser stor inntektsreduksjon fordi produksjon og lønsemd går ned, kan det verte naudsynt med ytterlegare tiltak på kostnadssida.

## Regional utvikling

Regionalavdelinga rapporterer om prognose i samsvar med budsjettet som det mest sannsynlege resultat for 2018.

## Konsesjonskraftinntekter

Prognosen for 2018 er eit negativt budsjettavvik på 12 mill. kr. Fylkesrådmannen går nedanfor nærare inn på ordninga med konsesjonskraft og bakgrunnen for sikring av deler av kraftvolumet.

### Kraftvolum

Hordaland fylkeskommune har i 2018 tilgang til om lag 402 GWh konsesjonskraft frå ulike kraftselskap i Hordaland. Krafta vert levert til sjølvkost og seld på kraftmarknaden.

### Kraftpris

Fylkeskommunen har gjennomført anbudsrunder på forvaltning av konsesjonskrafta og har profesjonell bistand i arbeidet med sal av konsesjonskrafta. Det er utarbeidd instruks for forvaltning i samarbeid med rådgjevar.

Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen og salsprisen ein får i marknaden. Salsprisen vert påverka av mellom anna følgjande tilhøve:

- Pris på alternative energikjelder (kol, gass, olje)
- CO2 pris
- Magasinfylling
- Vertrend
- Overføring av kraft via kablar til utlandet
- Aktivitet i industrien
- Kjernekraftavvikling
- Etterspørsel etter elektrisk energi
- Produksjon av elektrisk energi

### Strategi for sal

Fylkestingssak 6/04 «Forvaltning av konsesjonskraft» legg grunnlaget for strategien for sal av konsesjonskraft. I saka vert det lagt vekt på å redusere risikoen ved sal gjennom systematisk prissikring framfor full eksponering i spotmarknaden. I sikringsstrategien la ein vekt på prisforventing, sikringsgrad og absolutt prisenivå. Fylkesrådmannen har lagt føringane i fylkestingssaka til grunn for arbeidet med konsesjonskrafta.

Fylkeskommunen har målsetjing om å fordele 60 % av salet over ein sikringshorisont på tre år i terminmarknaden. Gjennomsnittsprisen for leveringsåret dei siste tre åra vil vere verdien på denne delen av porteføljen.

Restvolumet på 40 % som ikkje er sikra i terminmarknaden vert levert i spot- marknaden. Denne delen av porteføljen vert selt til den daglege marknadsprisen gjennom leveringsåret. Strategien for sal av krafta vert vurdert fortløpande. På bakgrunn av at ein legg til grunn stigande kraftprisar fram i tid er den del av krafta som vert prissikra før leveringsåret redusert frå 85 til 60 %.

Alle kraftkontraktar vert omsett i Euro. HFK gjer desse fortløpande om til NOK slik at det ikkje ligg føre risiko knytt til utviklinga på valutamarknaden.

Det vert ikkje gjort finansielle sikringar som overstig det fysiske kraftvolumet som HFK får tilgang på.

## Samferdsel

### Fylkesvegvedlikehald

Statens vegvesen har meldt inn ein årsprognose som tilseier eit meirforbruk på 34 mill. kr. Meirforbruket heng saman med den strenge vinteren; med mange snøfallsdagar som har generert mykje brøyting og strøing. Inngåtte kontraktar er basert på erfaringstall frå normalår. Kor stor skade den strenge vinteren har gjort på vegkroppen og sideterreng vil kome til syne etter kvart.

Det har i tillegg gått stein- og jordras som vil krevje ressursar som ikkje er omfatta av det som ligg inne i driftskontraktane. Reduksjonar av vegvedlikehaldet resten av året må sjåast opp mot trafikktryggleik, og i verste fall kan meirforbruket verte ein del større enn noverande prognose. Fylkesrådmannen vil ha stor merksemd framover på prognosane som kjem frå regionvegsjefen. Dette for at det negative budsjettavviket skal verte minst mogleg, og kjent i god tid før rekneskapen skal gjerast opp.

### Kollektivtransport

Skyss melder om prognose lik balanse i drifta ved utgangen av året. Det er gode tal både i høve til utvikling i passasjertalet og inntekter, og dette har auka samanlikna med 2017. Likevel er det å merka seg at inntektene ligg noko under budsjettet nivå. Eit moment som har aukande fokus er tiltak mot reisande som ikkje betalar/inntektsikring. Dette er grunna i at delen av reisande som ikkje betalar er på eit nivå som gjev eit stort inntektstap for fylkeskommunen på årsbasis.

Tidleg i året er det framleis mange moment med grad av økonomisk uvisse. Desse kan endre årsprognosen for 2018 når ein kjem til 2. tertial. Av større usikre moment som Skyss har fokus på kan nemnast; effekt av innføringa av nye takstsoner frå 1. august, verknaden på kostnadar grunna endring i oljepris, kostnadar knytt til skuleskyss og krav om kompensasjon frå ferjeoperatørarar grunna usemje om kontraktane. Ved rapporteringa pr. 2. tertial vil desse momenta vere meir avklart.

### Totalt samferdselsektoren

Med negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 34 mill. kr og balanse meldt for kollektivtransporten, vert prognosen pr. 1. tertial for samferdselsområdet eit negativt avvik på 34 mill. kr samanlikna med budsjett.

## Kultur og idrett

Kultur og idrettsavdelinga rapporterer om prognose som er i samsvar med budsjett. Kultur- og idrettsavdelinga har store delar av utgiftene knytt til løyvingar som er tildelt sektoren og inntektene er relativt stabile. Det er difor også i år relativt liten usikkerheit knytt til prognosen for kultur og idrett, sjølv om avdelinga melder om noko usikkerheit knytt til inntekter for arkeologisk registrering.

## Eigedom

Årsprognosen for 2018 syner mindreforbruk på 4 mill. kr. i høve til budsjett. Det positive avviket skuldast optimalisering av reinhaldsressursar, lågare forsikringskostnader og mindre vedlikehaldskostnader ved Fylkeshuset. Sjølv om det er positive og negative risikofaktorar i tertialrapporten for eigedomsavdelinga, er det venta at den gode drifta skal gi enda betre prognose seinare i 2018.

## Skatt og rammetilskot

Det er to tilhøve som er avgjerande for korleis resultatet på skatteområdet vert for Hordaland fylkeskommune. Det fyrste er om skatteoverslaget som vert sett av departementet for 2018 slår til. Det andre er korleis det faktiske skattenivået til HFK er samanlikna med gjennomsnittet av alle fylkeskommunar.

Pr april er situasjonen at førebelse tal syner at skatteinngangen nærmast er identisk med budsjettert skatteoverslag. Det gjer at med same utvikling vidare gjennom året så vil det ikkje verte nemnande avvik på skattekapitlet; slik som ein har hatt dei siste åra.

I revidert nasjonalbudsjett for 2018 er overslaget for dei samla skatteinntektene for fylkeskommunane sett ned med 110 mill. kr. Om det skulle slå til vil det seie at Hordaland fylkeskommune vil få om lag 10 mill. kr. lågare skatteinngang. Det er framleis stor uvisse knytt til skatteoverslaget ettersom det også er mange økonomiske signal for 2018 som kan gje positive utslag. Fylkesrådmannen vil følgje opp det endra skatteoverslaget frå sentralt hald, og det gjer at prognosen på skattekapitlet vert 10 mill. kr i negativt budsjettavvik.

## Renter og avdrag

Det har vore ein viss auke i marknadsrentene i 1. tertial, men dette ligg godt innanfor det ein har rekna med i budsjettet på utgiftssida. I revidert nasjonalbudsjett varslar regjeringa at satsen for rentekompensasjon innanfor opplærings- og samferdselssektoren vert sett opp frå 1 % til 1,5 %. Dette vil gje ei meirinntekt for Hordaland fylkeskommune på om lag 9,5 mill. kr. Etter dette er det utsikter til at netto renter vil vise ei innsparing på opp mot 10 mill. kr.

## Oppsummering

Under er oversyn over prognosen for dei ulike områda oppsummert:

	mill. kr
Politiske organ, økonomi og admin.	0
Pensjon/ lønsavsetjing	7
Opplæring	- 5
Tannhelse	0
Regional utvikling	0
Kraftinntekter	- 12
Samferdsel	- 34
Kultur og idrett	0
Eigedom	4
Skatt og rammetilskot	-10
Renter og avdrag	10
<b>TOTAL</b>	<b>- 40</b>

Tertialrapporten etter 1. tertial 2018 viser prognose om eit negativt budsjettavvik på 40 mill. kr. ved utgangen av året. Som oversikta syner er dei største overskridingane som medverkar til den negative prognosen under budsjettområda samferdsel, kraftinntekter og skatt. Opplæring har også negativ prognose, men den er liten utifrå storleiken på sektoren sitt budsjett.

## Risikovurdering

Fylkesrådmannen har gjennomgangar av den økonomiske stoda med kvar avdelingsdirektør kvartalsvis. Her rapporterer avdelingane om den økonomiske situasjonen, og tek opp moment som har risiko for budsjettavvik.

Fylkesrådmannen vurderer at det er størst risiko for budsjettavvik innan følgjande område; driftskostnader på fylkesvegane, dei økonomiske resultatata for skulane og kollektivtrafikkinntektene. Økonomien innanfor desse tre områda er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det er snakk om store summar. Kraftinntekter og skatteinngang er og område som pr. 1. tertial har blinka seg ut som område som har risiko for avvik, og som ein må følgja med særskilt merksemd.

Tannhelsesektoren er ein sektor med eit relativt sett lite nettobudsjett samanlikna med opplæring og samferdsel. Likevel har sektoren gjennom fleire år hatt store budsjettavvik. Sektoren melder for fyrste gang på lenge balanse som prognose ved slutten av året. Likevel vil fylkesrådmannen ha fokus på tannhelse gjennom 2018. Resultatet av forhandlingane om ein ny lønsavtale etter at incentivavtalane vart sagt opp, vil også kunne spele inn på årsresultatet.

Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrett og økonomi- og organisasjon er det lite sannsynleg med avvik i negativ retning, og desse har i tillegg mindre økonomiske konsekvensar.

Etter 1. tertial er prognosen for opplæringssektoren ei budsjettoverskriding på 5 mill. kr. Prognosen på same tid i fjor var eit negativt avvik på 26 mill. kr. Utover risiko for overskridingar på einskilde skular, så melder fylkesdirektør for opplæring at det er størst risiko for negative bidrag til sektoren sitt resultat når det gjeld fylkessamanslåingskostnader, gjesteelevar og fagopplæringsområdet.

For samferdselsektoren er det eit stort negativt moment tidleg på året; fylkesvegvedlikehaldet. Her er det alt meldt eit overforbruk på 34 mill. kr som ikkje er mogleg å ta inn. Dette vert skissert som eit best mogleg utfall, og det er reell risiko for at meirforbruket vert heilt opp mot 50- 60 mill. kr i verste fall. Det som er positivt er at ei eventuell stor overskriding vert kjend tidleg på året; i motsetning til i 2017 då overskridinga kom som ei overrasking seint på året. Fylkesrådmannen vil følgja opp utviklinga på dette området, og vurderer tiltak. Innan kollektivtransporten kan det vere aktuelt å følgje opp momentet som går på inntektssikring. Grunnen til det er at delen av reisande som ikkje betalar er på eit nivå som gjev fylkeskommunen eit stort inntektstap på årsbasis.

Med høg lånegjeld er rentekapitlet viktig å ha kontroll over. Som tidligare år har HFK god kontroll på dette området, og det er så langt liten risiko for overskridingar og høgare rentekostnader enn det ein har rekna med i budsjettet. Sjølv med signal om rentehevingar i løpet av året, så er risikoen for overskridingar liten; m.a. gjennom fastrenteavtalar som dempar konsekvensen av renteendringar.

## Budsjettmål og målepunkt

I samband med budsjettarbeidet for 2018 tok fylkesrådmannen inn avdelingsvise budsjettmål som ein skal følgje opp gjennom tertialrapporteringa til fylkestinget. Fylkesrådmannen er meir nøgd med innrettinga av rapporteringa no; då denne i større grad enn før tek omsyn til at avdelingane er ulike, både i storleik og innhald. Avdelingane har og ulikt fokus når det gjeld drift og tenesteyting opp mot strategi- og planleggingsarbeid.

Det nye økonomisystemet gjer at ein kan vidareutvikla rapporteringa på fleire felt, og dermed fange opp ein større del av den fylkeskommunale verksemda. Innføringa av det nye økonomisystemet har vore vellukka, og rapporteringa frå avdelingsdirektørane til fylkesrådmannen gjennom systemet har vist at ein har mykje å vinna etter kvart som ein utnyttar systemet.

